

Kommunal og moderniserings-departementet
Oslo dep

Bergen den 14. mars 2019

Høyringsuttale – forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd

Det vert vist til høyringsnotat til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom. Sjølve forslaget til ny forskrift er ein del av notatet.

Fylkeselderådet i Hordaland handsama forslaget til ny forskrift i møte den 14. mars 2019 i sak. Fylkeselderådet uttalar seg ikkje om punkt i notatet som berre vedgår dei to andre råda.

Høyringsinstansane er bedne om å uttala seg om sjølve forskrifta og språket i forskrifta.

Forskrifta

Fylkeselderådet i Hordaland er nøgd med at dei tre råda, som no alle er lovfesta, i hovudsak får sams reglar og sams forskrift.

§2

Fylkeselderådet i Hordaland er glad for at det både i sjølve høyringsnotatet og i forskrifta blir fastlagt at råda *skal* høyrast i saker som vedkjem dei, og at det *skal* etablerast rutinar som sikrar at råda får sakene *i så god tid at retten deira til innspel* ikkje blir forpurra fordi sakene kjem for seint til råda. Vidare at innspel frå råda *skal* følgja saksdokumenta fram til avgjerdsinstans.

§3

Fylkeselderådet i Hordaland er nøgd med at det blir slått fast at råda *skal* gjevast tilstrekkeleg sekretariatshjelp. I notatet blir det omtalt kva som naturleg kan liggja i sekretariatshjelp. Synspunkta vert støtta.

Kva med opplæring og vegleiring?

I §3 saknar fylkeselderådet i Hordaland nokre punkt om opplæring av råda. Det burde, etter vår mening framgå av forskrifta at råda *skal* vera gitt innføring i lovar og reglar, sakshandsaming etc i starten av perioden, slik at det ikkje blir opp til kvar enkelt kommune å avgjera om slik opplæring skal bli gitt.

I høyringsnotatet, pkt 3.4 side 10, vert det opplyst at det er utarbeid vegleiarar og rundskriv for eldreråd. Slikt bør alle råda få, og det bør inngå i materiell for opplæring.

§4

Fylkeselderådet i Hordaland er nøgd med at hovudregelen skal vera separate råd, og at samanslåing av eldreråd og råd for funksjonshemma berre skal kunna skje dersom kommunen er så liten at det blir særskleleg å få nok folk til råda.

Språket

Språket i forskrifta er etter fylkeselderådet si oppfatning klårt og greitt å forstå.

Målform - bokmål eller nynorsk

Under pkt 3.5, målform, på side 10 i notatet, vert det føreslått at ny forskrift skal bli gitt ut berre på bokmål fordi ny kommunelov er på bokmål. Vert dette gjennomført, så vil det vera eit brot på korleis det er no, jfr pkt 3.5 side 10 i notatet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland kan ikkje sjå nokon grunn til å endra språkforma fordi om vi får ei ny forskrift. og sjølv om ny kommunelov er på bokmål. Vi minner om at nynorsk og bokmål er jamstelte språkformer. Vi meiner også at når kommunelova, som er eit mykje meir omfattande dokument enn forskrifta som gjeld råda, er på bokmål, så gir det språkleg balanse at forskrifta er på nynorsk.

Med venleg helsing

Fylkeseldrerådet i Hordaland

.....
Leiar